



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 11/2016

Møtedato: 4.4.16

Møtestad: Slidretun

Saksbehandlar: Harald Ranum

S775, Jaslangen – ledig tilleggsjord/beite

Tordis Tildheim skriv følgjande i brev datert 15.8.15:

Jeg - Tordis Tildheim - eier av Grefsrud Gnr 75 Bnr 13 - ønsker fradeling av mitt stølsjordet på ca. 40 mål i sin helhet på Fossheimstølen i Baklia - samt den nordre halvparten av jordet på Jaslangen på ca. 10 mål.

Jordet i Baklia er Jon Magnus øyen interessert i å overta. Der er 14 mål av de ca. 40 dyrket mark.

De 10 målene på Jaslangen er Lars Jørgen Skjel interessert i å overta da han er nærmeste nabo. Dette er den dyrkede delen av dette jordet. Eventuelt er Ingar Jarstadmarken også interessert i disse 10 mål med dyrket mark.

Det er av stor betydning for meg å få omdisponert disse arealene snarest mulig. Eventuelt føre de tilbake til Statsskog, hvis det byr på utfordringer med de ovenforstående forslagene.

Imøteser rask og positiv saksbehandling.

Grefsrud 75/13 har støl på Jaslangen med ca 21 daa stølsvoll. Ved at stølsbrukar seier frå seg delar av stølsvollen blir det att ca 10 daa stølsvoll. Det er den fulldyrka delen som ein ynskjer å overføre til nabostøl. Det er to stølsbrukarar som er interessert i å overta jorda; Lars Jørgen Skjel (Landsrud 62/1) og Ingar Jarstadmarken (Solheim 44/3).



Tilheim skriv at ein ynskjer å overføre tilleggsjord i Baklie ved Fossheimstølen til Jon Magnus Øyen (Hagen 71/6). Det blir opplyst at det samla er 40 daa, der 14 daa er fulldyrka. Det arealet som er fulldyrka er F776. Resten av arealet gjeld S738. Tildheim har bruk dette arealet i mange år, den det er registert på Fosheim 70/1. Tildheim kan ikkje seia frå seg retten til eit areal som dei ikkje har fått vist ut. Stølen har vore brukt av Tildheim i over 20 år og stølsetvisinga til Fosheim har sannsynlegvis falle i det fri. Frifall av denne stølen må fjellstyret ta opp i ei eige sak. Utvising av F776 må utstå til sak om frifall av S738 er avklara.



Etter §20 i fjellova kan støl i statsallmenning med samtykkje frå fjellstyret overførast til bruk for ein annan eigedom som har rett til seter i allmenningen. Utvist tilleggsjord kan med samtykke frå departementet overførast til bruk for ein annan eigedom med beiterett i allmenningen.

Ut frå dei opplysningar fjellstyret har i denne saka kan ein ikkje overføre tilleggsjord og deler av stølsjordet til nye brukarar. Det må fjellstyret ta opp som ei ny sak når det er lagt fram opplysningar om drift frå dei som er aktuelle til å overta jorda. Sidan Tildheim ynskjer ei rask avklaring i saka er det foreslege at dei aktuelle areala kan leggjast i det fri og at utvising til nye brukarar blir gjort i ettertid. Etter § 22 i fjellova fell rett til oppteken seter med setervoll og tilliggjande kulturbeite ved oppgjeving frå stølsbrukar ved viljeserklæring.

I sak 24/15 gjorde fjellstyret følgjande vedtak:

Fjellstyret finn at F776 og halvparten av S775 fell i det fri ved skrivet frå Tildheim om at ein ynskjer å seia frå seg areala jf, §22 i fjellova. Utvising til nye brukarar blir utsett til ein har fått søknader om å få overta areala og når frifall av S738 er avklara.

Stølsforskrift §5: Jordbrukar med beiterett i statsallmenning kan få utvist areal til inngjerding og natthamning (beiteareal), og ein stad for oppføring av gjetarbu, anten aleine eller saman med andre jordbrukarar. Det er eit vilkår at dei som har beiterett godtgjer behovet for areal til inngjerding eller gjetarbu, ved til dømes å leggje fram driftsplan.

Stølsforskrift §20: Jordbrukar med beiterett i statsallmenningen kan - anten aleine eller saman med andre beiterettshavarar - få utvist grunn som er skikka til dyrking eller til kulturbeite som tilleggsjord, jf. § 19 første ledd i fjellova. Det er eit vilkår at dei som har beiterett godtgjer behovet for tilleggsjord. Dette kan til dømes gjerast ved å leggje fram ein driftsplan.

Arealet er vist tidlegare og saksbehandling følgjer derfor forenkla saksgang. Arealet er utvist og dyrka opp tidlegare og det er derfor ikkje nødvendig med behandling etter nydyrkingsforskrift eller å be om uttale frå Statskog og andre. Fjellstyret lyser arealet ledig ved annonse i avisa Valdres og på fjellstyret si nettside.

Etter annonsering har fjellstyret motteke følgjande tre søknader om å få overta arealet til beite/tilleggsjord:

1. Gerd Nanti Vika Helle, Vika 60/1. Søkjar har støl på Jaslangen (S680) og driv tradisjonell mjølkeproduksjon (20 mjølkekyr og 25 ungdyr). Arealet er tenkt brukt til fôrproduksjon og beiting.
2. Martin Granli, Mosjordet 61/16. Søkjar har støl på Jaslangen (S687) og driv med sau (56 vinterfora søyer). Arealet er tenkt brukt til beite.
3. Odd Einar Granli, Granli 31/38. Søkjar har støl på Jaslangen (S698) og driv med tradisjonell mjølkeproduksjon (16 mjølkekyr, pluss påsett). Arealet er tenkt brukt til fôrproduksjon og beiting. Søkjaren opplyser å ha leigd arealet til slått/beite i fleire år.

Ingen av søkjarane har stølar grensar direkte inntil arealet som er lyst ledig. Avtand varierar frå 250 m til 600 m. Plassering er vist på kartskisse.



Administrasjon har drøfta søknadane saman med landbruksavdelinga i kommunen. Alle tre søkjarane kan vise til behov for meir areal. Dei aktive mjølkeprodusentane er dei som har størst behov ut frå drifta. Vika Helle har stølsutvising på ca 25 daa og fekk i 2013 i tillegg utvist 10,5 daa til beite. Odd Einar Granli har stølsutvising på ca 11,5 daa. Odd Einar Granli opplyser at han har leigd det omsøkte arealet i fleire år. Vika Hele har litt større dyretal enn Granli. Når ein skal prioritere mellom søkjarane, må ein og sjå på kven som har minst areal på stølen. Ut frå dette, er det Granli som har størst behov for areal. Det bør også leggjast vekt på at han alt har brukt arealet i fleire år.

Sidan arealet skal brukast til fôrproduksjon, skal det visast ut som tilleggsjord etter § 20 i stølsforskrift.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret finn at Odd Einar Granli har størst behov for arealet og vedtek å vise ut det omsøkte arealet som tilleggsjord til Granli 31/38. Vedtaket er gjort med heimel i §20 i stølsforskrift.

Vedtaket:

Fjellstyret finn at Odd Einar Granli har størst behov for arealet og vedtek å vise ut det omsøkte arealet som tilleggsjord til Granli 31/38. Vedtaket er gjort med heimel i §20 i stølsforskrift.

Vedtaket er einstemmig.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket.

I følge §28 i forvaltningsloven kan enkeltvedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 6.4.16

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Odd Einar Granli
Gerd Nanti Vika Helle
Martin Granli
Statskog
Vestre Slidre kommune